



Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 14.11.2023
Møtestad: Kommunestyresalen Masfjordnes
Møtetid: 10:00 - 13:00

Felles orientering saman med Eldrerådet i starten av møtet:

- Orientering om budsjettet for 2024 og økonomiplan 2024 – 2022 ved økonomisjef Svein Viktor Ellingbø

Det vert enkel servering rundt klokka 11.00.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Anne Kari Mjanger		Arbeidstakar repr.
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Laila Furebotn	Sp	Medlem
Marit Haukeland		Arbeidstakar repr.
Svein Gunnar Sivertsen		Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset - sekretær for rådet.

Svein Viktor Ellingbø møtte i sak 007/2023 og orienterte om budsjett og økonomiplan.

Sakliste

Saknr	Tittel
005/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
006/2023	Godkjenning av møtebok
007/2023	Uttale til årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027
008/2023	Referatsak

005/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

14.11.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Samrøystes vedteke

RMNF - 005/2023 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

006/2023: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

14.11.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Samrøystes vedteke

RMNF - 006/2023 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

007/2023: Uttale til årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen legg budsjettframlegget fram til drøfting.

14.11.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

RMNF - 007/2023 VEDTAK:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek framlegget til årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 til orientering. Rådet har ikkje merknader til budsjettframlegget.

008/2023: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

14.11.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet fekk orientering om eigenbetalingsatsane for pleie- og omsorgstenester for 2024. Rådet hadde ikkje merknader til nye satser for 2024.

Rådet fekk orientering om planlagt prosjekt med bustader/omsorgsbustader på Haugsvær i kommunestyret si sak 087/2023. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er positive til at kommunen vurderer å byggje omsorgsbustader på Haugsvær. Rådet meiner at fellesareal i tilknytning til desse bustadene også bør prioriterast, grunngjeve i at sosiale fellesskap er helsefremmande og førebyggjer einsemd.

RMNF ynskjer ei oversikt frå Masfjorden Sogn over status når det gjeld

- handicapparkering ved alle kyrkjene i Masfjorden
- korleis kyrkjebygga er tilrettelagt for universell tilkomst

RMNF - 008/2023 VEDTAK:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne fekk orientering om eigenbetalingsatsane for pleie- og omsorgstenester for 2024. Rådet hadde ikkje merknader til nye satser for 2024.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne fekk orientering om kommunestyret si sak 087/2023 - Nye omsorgsbustader på Haugsvær. Rådet er positive til at kommunen vurderer å byggje omsorgsbustader på Haugsvær. Rådet meiner at fellesareal i tilknytning til desse bustadene også bør prioriterast, og grunngjev dette med at sosiale fellesskap er helsefremmande og førebyggjer einsemd.

RMNF ynskjer ei oversikt frå Masfjorden Sogn over status når det gjeld

- handicapparkering ved alle kyrkjene i Masfjorden
 - korleis kyrkjebygga er tilrettelagt for universell tilkomst
-

Rett utskrift frå møteboka frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
14.11.23 vert vitna:

Geir Egil Haugsvær
leiar

Oddvin Neset
helse- og omsorgsleiar